

## Opplysningar om garden og drifta

Guri og Svein Søyebakken er i 30-åra og driv ein gard med sau og 16 ammekyr på Austlandet. Ammekyrne er av rasen Tiroler gråfe. Dei har to søner på tre og fem år. Det er Guri som har ansvar for det daglege stellet av sauene, men ho har hjelp av faren sin i lamminga og mannen Svein. Svein er den som dyrkar og haustar grovfôret. Han hjelp også til med føring når det trengs i tillegg til å ha full jobb utanom bruket. Garden ligg på 210 m.o.h. og består av ca 100 dekar fulldyrka areal og ca 300 dekar inngjerda beite. I tillegg leiger dei 150 dekar fulldyrka areal. Det fulldyrka arealet på garden blir hausta to gonger i rundballar i tillegg til at det blir beita med sau og lam vår og haust. Det leigde arealet blir hauste tre gonger. Dei har også tilgang på utmarksbeite.

Sauenfjøsset er eit opent tallefjøs der sauene kan gå inn og ut heile vinteren. Dei har også ein rundbøgehall. Dei har mogelegheit til å dele saueflokkene i to grupper. Grovfôret blir gjeve etter appetitt i rundballehekkar ute.

Guri og Svein satsar på rasen kvit spælsau. Når søyene blir sett inn for vinteren, så blir dei skilt i to grupper etter alder: Påsettlam og 2-åringar i ei gruppe og eldre søyer i ei anna gruppe. Dei samarbeider med andre spælsaubesetningar i området om å kjøpe verar frå vereringen. Verane går da på rundgang mellom besetningane. Guri og Svein disponerer to verar, ein ver til kvar gruppe med søyer. Verane får gå fritt med søyene i paringstida. Guri plukkar ut aktuelle påsettlam alt om våren i lamminga. Dei eigenskapane ho ser på hjå aktuelle påsettlam-mødre er lammingsvanskar og god beiteadferd i utmarka. Påsettlamma må vera født tvilling og vega minst 43 kg ved haustveging.

Guri og Svein satsar på god grovfôr kvalitet og moderat kraftfôrforbruk. Gjennom vinteren får difor søyene fri tilgang på grovfôr, mineralar og vitaminar og saltslikkestein. Etter fosterteljinga blir søyene grupperte på nytt: Ei gruppe består av åringar med eit foster og vaksne med eit og to foster. Den andre gruppa er åringar med to foster og vaksne med tre og fleire foster. Gruppa med flest foster blir gradvis fôra opp til 0,5 kg Formel sau i ca tre-fire veker før lamming i tillegg til appetittføring med det beste grovfôret, som regel ein tidleg hausta fyrste slått. Gruppa med færrest foster ca 0,2 kg Formel sau i tillegg til grovfôr. Søyene blir klypte i starten av mars.

I lamminga så lagar Guri til ei avdeling med enkeltbingar der søyene får lamme. Dei har kamera i sauefjøsset. På dagtid er det stort sett tilsyn heile tida, men på natta blir kamera sjekka kvar tredje time. I lammingsavdelinga blir det fôra med høy. I tillegg får søyene Formel Sau Ekstra to gonger om dagen, ca 0,8 kg pr dag. Merking og veking av fødselsvekt skjer når lamma er ca 1 døgn gamle. Søyene får vera i enkeltbingar 2-3 dagar før dei blir flytta over i fellesbingar med 4-5 andre søyer, og vidare i større fellesbingar. Ingen søye får gå med fleire enn to lam. Kjem det trillingar, så tek Guri frå eit lam, som regel det største verlammet, til kopplam når lamma er ein til to dagar gamle. Dei prøver også at alle vaksne søyer går med to lam, dvs at dei adopterer bort ein trilling når ei søye kjem med eit lam. Her er fosterteljinga viktig. Guri ynskjer at søya får tilgang på adoptivlammet før ho får sitt eige lam.

Lamma kjem ut på vårbeite når dei er maks 14 dagar gamle. Når ca halvparten av lamma er ute på beite, så ventar dei litt med beiteslepp til alle lam er gamle nok til å bli behandla mot koksidiøse med baycox. Da blir også lamma vårvege og påsett bjøller. Den fyrste pulja blir så flytta til eit nytt vårbeite som også heng saman med det inngjerda skogsbeitet. Så kan neste pulje koma ut på vårbeite. Søyene får tilgang på rundballesurfôr også ute på vårbeite. I månadsskiftet mai/juni blir søyer og lam sleppte på utmarksbeite. Alle søyer er utstyrt med Telespor radiobjølle i tillegg til vanlege sauebjøller. Utmarksbeitet er eit skogsbeite av bra kvalitet ca tre timars gåtur frå garden. I dei seinare åra er dei blitt plaga med rovdyr. Både gaupe, ulv og

bjørn har vore innom beiteområda deira. Dei går ofte tilsyn på utmarksbeitet opptil fire gonger i veka.

Fyrste helga i september startar sauesankinga. Etter sanking blir søyer og lam skilt og lamma blir vegne. Søylene blir sleppt på gjenvekst av litt eldre eng og inngjerda skogsbeite. Både påsettlam og slaktelam får tilgang på det beste gjødsla håbeitet og raps. Slaktelam under ca 36 kg blir skilt ut i ei eiga gruppe og får i tillegg appetittfôring med Formel lam. Guri er med i lammering og slaktar ca kvar 14. dag. Dette planlegg ho saman med resten av medlemmene i lammeringen. Når ho skal plukke ut slaktemogne lam, brukar ho både vekt og holdvurdering, dvs ho kjenner på ryggen om det er eit passeleg feittlag der. Levandevakta ho går ut ifrå når ho skal plukkslakte, er rundt 45 kg.

Søyer og påsettlam blir klypte i starten av oktober. Når søylene blir sett inn for vinteren i slutten av oktober, får alle behandling mot innvortes parasittar. Påsettlamma blir også vaksinert etter innsett om hausten og alle søyer blir vaksinert før lamming på våren.

### **Spørsmål 1**

Gå igjennom det du får vite om garden og drifta hjå Guri og Svein Søyebakken. Skriv litt om den faglege bakgrunnen for tiltaka Guri og Svein gjennomfører gjennom eit saueår. Gå igjennom utskriftene frå Sauekontrollen og finn resultatene som Guri og Svein kan vera godt fornøgde med og årsaker til det. Finn også område dei bør jobbe med for å bli enda betre sauebønder, og kom med forslag til tiltak for å få enda betre resultat.

### **Spørsmål 2**

Guri er Nortura-sauebonde og har også engasjert seg som tillitsvald i Nortura. Kva er forskjellen mellom Nortura og andre slakteri Guri og Svein kan levere slaktedyra til. Kvifor trur du ei travel dame som Guri synes Nortura er så viktig at ho brukar fritida si på å vera tillitsvald?

### **Spørsmål 3**

Berekraft blir definert som så mangt. Likevel er hovuddefinisjonen på bærekraft dette: *«Verdens felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov, uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov».*

Du har nå sett deg grundig inn i drifta til Guri og Svein Søyebakken. Korleis vi du seie dei skårar på denne definisjonen av berekraft?